



Helse- og sosialfag – meistring og myndiggjering



Masterstudiet gir deg kunnskap om korleis du som helse- og sosialarbeidar kan hjelpe brukarar til å meistre oppgåver og ansvar i ulike tilstandar og livsfasar. Gjennom studiet av brukarretta kommunikasjon og informasjonsarbeid, tverrprofesjonelt samarbeid og relasjonsorientert klinisk arbeid, lærer du kva som ligg til grunn for læring, meistring og myndiggjering (empowerment). Studiet vil også gi deg kompetanse i å leie og utvikle helse- og sosialtenester.

Studieinnhald

Studiet har som mål å gi deg kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og etisk medvit, til å fremje læring, meistring og myndiggjering i eige arbeid med pasientar og klientar. Du skal i tillegg få kompetanse i å undervise, rettleie og initiere FOU-prosjekt med vekt på slike målsetjingar. Masterstudiet rettar seg mot både helse- og sosialsektoren. Dette legg grunnlaget for eit viktig tverrfagleg studiemiljø.

Internasjonalisering

Som student ved master i Helse- og sosialfag – meistring og myndiggjering kan du etter søknad få godkjent relevante emne gjennomført ved universitet eller høgskular i utlandet.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Masterstudiet rettar seg mot både helse- og sosialsektoren. Det tverrfaglege studiemiljøet gir studentane ein annan lærings- og dannelsingsprosess enn reine sosial- og helseutdanningar. Møte med ulike faglege perspektiv er ei viktig målsetting med studiet. Masterstudiet kan gjennomførast som heiltidsstudium over to studieår, eller som deltidstudium, fortrinnsvis over fire studieår. Det er høve til å starte studiet både haust og vår, men dersom ein vil gjennomføre studiet som fulltidsstudent over to år, må ein starte i haustsemesteret. Alle emne med 15 studiepoeng vil gå over eit semester, medan emne med 30 studiepoeng vil gå over to semester. Samlingane er lagt til Høgskulen i Volda. Mellom samlingane vil samarbeidet mellom lærar og student foregå nettbasert med hjelp av e-læringsverktøy (Canvas). Emna vil bli arrangert slik at fulltidsstudentar til vanleg kan følgje to emne på 15 studiepoeng i kvart semester.

Studiepoeng / lengd: 120 / 4 semester (2 år)

Opptakskrav: Bachelorgrad i helsefag, sosialfag eller pedagogiske fag. Cand.mag.-grad med relevant fagsamansetjing. Annan relevant grad eller utdanningsløp av minimum tre års omfang. For dei to siste punkta er det krav om at studiet har 80 relevante studiepoeng, derav 20 studiepoeng på fordjupingsnivå.

Søknadsfrist: i

Lokalt opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no